



Nord-Fron kommune
~Midt i Peer Gynts rike~

Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for bustader og fritidsbustader i Nord-Fron kommune

Vedteke av kommunestyret i Nord-Fron kommune, sak 115/18 den 11.12.2018 med heimel i Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta), del IV, § 12-6, jf lov av 13.03.1981 nr 6 om vern mot forureining og avfall.

Innhald

§ 1 Verkeområde.....	3
§ 2 Definisjonar	3
§ 3 Krav om utsleppsløyve	4
§ 4 Søknad om utsleppsløyve	4
§ 5 Behandling av søknad	4
§ 6 Avløpsnett	4
§ 7 Rensekrav og godkjende renseløysingar.....	4
7.1 Renseløysingar godkjend for eksisterande og nye bustader:	4
7.2 Renseløysingar godkjend for fritidsbustader:	4
7.3 Renseløysingar godkjend i nedbørsfelt til Avstjønna, Fryavassdraget, Feforvatnet og Øyvassosen/Merravika:	5
§ 8 Krav om heilskapleg vurdering av spesielle område	5
§ 9 Krav til kompetanse	5
§ 10 Krav til grunnundersøkingar, resipientvurderingar og prosjektering i samband med søknad om utsleppsløyve	6
§ 11 Utsleppsstad.....	6
§ 12 Lukt	6
§ 13 Krav til anleggsdokumentasjon i samband med søknad om utsleppsløyve	6
§ 14 Dokumentasjon av renseeffekt	7
§ 15 Krav til drift og vedlikehald	7
§ 16 Anleggseigars plikter	8
§ 17 Oppmalt matavfall (avfallskvern).....	8
§ 18 Endring og omgjerung av løyve	8
§ 19 Eksisterande utslepp	8
§ 20 Tilsyn.....	8
§ 21 Unntak.....	9
§ 22 Gebyr for saksbehandling og kontroll.....	9
§ 23 Ikrafttreden	9

§ 1 Verkeområde

Forskrifta gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter, turistbedrifter og liknande verksemdar i Nord-Fron kommune.

For einingar som berre slepper ut gråvatn, gjeld forskrifta berre dersom det er innlagt vatn.

Forskrifta gjeld for utslepp mindre enn 50 pe.

§ 2 Definisjonar

Definisjonar i forureiningsforskrifta § 11-3 gjeld for denne forskrifta. I tillegg gjeld følgjande:

- Med avløp meines her avløp frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- Med innlagt vatn meines vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som gjennom leidning eller slange er ført innomhus. Med innlagt vatn meines også innvendig røropplegg som blir forsynt av vatn frå tank/behaldar (innvendig eller utvendig) eller liknande større enn 25 l og som leiast ut av bygningen til grunnen eller oppsamlingstank.
- Cisterneanlegg med tank inntil 25 l vert ikkje klassifisert som innlagt vatn. Utslagsvask med bortleiing av vatn i slike anlegg er godkjend utan søknad. Vatnet skal leiast til steinsett kum eller egna jordmassar, eller bærast ut.
- Som utslepp reknast også avløp ført til tett tank.
- Med pe (personequivalemtar) meines gjennomsnittleg utslepp frå eit menneske pr døgn.
- Ned Tot-P meines innhald av total fosfor.
- Med BOF₅ meines innhald av organisk stoff.
- Med TKB meines innhald av termotolerante koliforme bakteriar.
- Med infiltrasjonskapasitet meines mengde vatn som kan infiltrerast i lausmassane.
- Med hydraulisk kapasitet meines mengde vatn som kan transporterast gjennom lausmassane.
- Eigenskap som rensemedium meines den evna lausmassane har til å halde attende forureining.

Infiltrasjonsanlegg:

Består av slamavskiljar, pumpe- eller fordelingskum og infiltrasjonsfilter bygd i stadeigne lausmassar som fungerer som rensemedium.

Våtmarksfilter:

Består av slamavskiljar, forbehandlingsfilter, våtmarksfilter med inn- og utløpsdel, inspeksjonskum og utsleppsleidning. Forfilter gir avløpsvatnet forbehandling som reduserer innhaldet av organisk stoff (BOF₅) og reduserer belastninga på våtmarksfilteret. Forfilteret kan byggjast som ei sjølvstendig eining eller som ein integrert del i forkant av våtmarksfilteret. Sjølve våtmarksfilteret vert utforma som eit basseng som er tett i botn slik at avløpsvatnet ikkje siv ut i grunnvatnet. Avløpsvatnet vert infiltrert i bassenget som er fylt med filtermedium. Rensa avløpsvatn vert samla i enden av våtmarksfilteret og leia til eigna resipient.

Biologiske filtre for gråvatn:

Består av slamavskiljar, pumpekum og biologisk filterkum. Slamavskilt avløpsvatn blir fordelt og strøymer gjennom filtermaterialet og drenerast deretter i botn av kummen. Forureiningskomponentar i avløpsvatnet vert halde attende mekanisk og nedbrote biologisk i filteret. Rensa avløpsvatn vert infiltrert i grunnen eller leia til eigna resipient.

Minirensesanlegg:

Er i prinsippet ein nedskalert utgåve av store konvensjonelle rensesanlegg. Minirensesanlegg finns anten som kjemisk/biologiske anlegg, biologiske anlegg eller kjemiske anlegg. Minirensesanlegg som skal installerast i Noreg må tilfredsstillast NS-EN 12566-3 eller

tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg lufttemperatur. For å oppnå best mogleg rensegrad, vil eit minirenseanlegg ofte bli kombinert med etterpolering i eit infiltrasjonsfilter bygd i stadeigne lausmassar.

Tett tank:

Samletank godkjend etter NS 1545, gjerne av glassfiberarmert polyester, hvor alt toalettavløp blir samla i eit lukka system. Krev regelmessig tømning med slamsugebil, og der avløpet blir kjørt til kommunalt renseanlegg.

§ 3 Krav om utsleppsløyve

Ingen kan setje i verk nye utslepp, eller auke vesentleg eksisterande utslepp, utan at det er gitt løyve i medhald av § 5 i denne forskrifta. Som vesentleg auke reknast mellom anna innlegging av vatn eller installering av vassklosett/dusj i bygningar der dette ikkje har vore innlagt/installert tidlegare.

§ 4 Søknad om utsleppsløyve

Tilsvarende som § 12-4 i forureiningsforskrifta.

§ 5 Behandling av søknad

Tilsvarende som § 12-5 i forureiningsforskrifta.

§ 6 Avløpsnett

Tilsvarende § 12-7 i forureiningsforskrifta.

§ 7 Rensekrav og godkjende renseløyvingar

Alle avløpsanlegg som kjem inn under denne forskrifta skal i gjennomsnitt over året ha renseseffekt for Tot-P og BOF₅ på minimum 90%, jf § 12-8 i forureiningsforskrifta. Utsleppskravet er i tillegg skjerpa i forhold til § 12-8 ved ei opplisting av kva for renseløyvingar som er tillate, basert på erfaringar om renseseffekt og driftssikkerheit jf VA/Miljøblad nr 99 og 100.

7.1 Renseløyvingar godkjend for eksisterande og nye bustader:

1. Infiltrasjonsanlegg (i henhold til gjeldande VA/Miljøblad nr 59).
2. Minirenseanlegg (må tilfredsstille NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg lufttemperatur samt vere i henhold til VA/Miljøblad nr 52).
3. Biologisk filter for gråvatn kombinert med biologisk toalett eller tett tank for svartvatn (i henhold til gjeldande VA/Miljøblad 60).
4. Våtmarksfilter (i henhold til gjeldande VA/Miljøblad 49).

7.2 Renseløyvingar godkjend for fritidsbustader:

1. Infiltrasjonsanlegg (i henhold til gjeldande VA/Miljøblad).
2. Minirenseanlegg (må tilfredsstille NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg lufttemperatur).
3. Biologisk filter for gråvatn (i henhold til gjeldande VA/Miljøblad).
4. Tett tank (må tilfredsstille kravene i NS 1545). Tett tank må i tillegg tilfredsstille følgjande krav:
 - a. Det skal sendast inn søknad som for andre separate avløpsanlegg.
 - b. Tanken skal plasserast maksimum 30 meter frå heilårsveg.
 - c. Botn av tanken skal liggje mindre enn 6 meter under vegnivå.

- d. Tankens våtvolum skal vera minimum 6 m³.
- e. Det skal monterast varslar for høgt nivå i tanken.
- f. Tanken skal sikrast mot oppdrift.
- g. Tett tank skal berre nyttast saman med renseanlegg for gråvatn, slik at det berre er svartvannsutsleppet som blir leda til den tette tanken.
- h. Vassinntak i bygningen skal ha stoppekran som blir nytta når bygningen ikkje er i bruk.
- i. Alt utstyr bør være vannsparande.
- j. Tanken skal inn i den kommunale tømmeordninga og skal tømmes kvart år i henhold til forskrift om tømming av tette tanker.
- k. Eigedommen plikter å kople seg til kommunalt avløpsanlegg eller fellesanlegg om dette blir etablert i det aktuelle området.

For fritidsbustader er det tillate med biologisk toalett, evt i kombinasjon med punkt 1 – 4 for utslepp av gråvatn. Tett tank skal ikkje være primæralternativet, slik at løsnings etter pkt 1 – 3 bør vurderast først.

7.3 Renseløysingar godkjend i nedbørsfelta til Avstjønna, Fryavassdraget, Feforvatnet og Øyvassosen/Merravika:

For fritidsbustader som ligg innafor nedbørsfeltet Avstjønna, Fryavassdraget, Feforvatnet og Øyvassosen / Merravika som ikkje er tilknytt offentleg avløpsnett, må det ligge føre ein heilskapleg vatn- og avløpsplan for større avgrensa grupper av fritidsbustader før det kan søkjast om utsleppsløyve for kvar enkelt fritidsbustad. Søknad om utslepp frå kvar brukseining skal innehalde ei detaljert skildring av det enkelte anlegget det søkjast om utslepp frå før kommunen kan godkjenne søknaden. For nokre av områda vil det gå fram av gjeldande reguleringsplan for området kva for løysing som må nyttast.

§ 8 Krav om heilskapleg vurdering av spesielle område

For grupper av bustader og/eller fritidsbustader i eit antal av 7 eller fleire, der innbyrdes avstand mellom kvar brukseining ikkje overstig 100 m, skal avløpsforholda for området vere heilskapleg vurdert og avklart før nye utslepp eller vesentleg auke av eksisterande utslepp kan tillatast. Også bustader og fritidsbustader utan innlagt vatn skal reknast med.

Er talet på bustadhus/fritidsbustader innanfor ein innbyrdes avstand av 100 m lik eller mindre enn 7, kan det søkjast om utslepp for den enkelte brukseininga. Enkeltstående hus eller fritidsbustader vert likevel medrekna når avstanden til nærmaste bustad eller fritidsbustad i det aktuelle området er inntil 200 m. Dette gjeld for dei områda som ikkje er omhandla i pkt 7.3.

§ 9 Krav til kompetanse

Den som utfører grunnundersøkingar og prosjektering av avløpsanlegg skal ha tilstrekkeleg hydrogeologisk kompetanse. Kravet til kompetanse vil variere ut frå dei lokale forholda som avløpet skal etablerast i. Grunnforhold, eventuelle krav til områdevurderingar og resipientvurderingar vil vere avgjerande ved vurderingane til kompetansekrav. Det vert i alle tilfelle krav om dokumentert kunnskap på høgskulenivå, med vekt på jord- og/eller vassfaglege evne. Den som prosjekterer avløpsanlegg med utslepp til overflateresipient må i tillegg ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere resipientens tilstand og aktuelle brukarinteresser.

Alle avløpsanlegg skal prosjekterast og utførast i samsvar med gjeldande VA/Miljøblad. Dersom VA/Miljøblad ikkje finst for den aktuelle anleggstypa, skal anlegget prosjekterast og utførast etter anerkjend bransjenorm og i tråd med gjeldande standarar.

Føretak som utfører avløpsanlegg skal vere godkjend i aktuelle godkjeningsområde i samsvar med plan- og bygningslova. Den som utfører arbeidet på staden skal minimum ha ADK-1 kurs eller ADK-S kurs, og i tillegg kurs i bygging av mindre avløpsanlegg.

§ 10 Krav til grunnundersøkingar, resipientvurderingar og prosjektering i samband med søknad om utsleppsløyve

Forundersøkingar, områdesynfaring og detaljundersøking ved planlegging av separate avløpsanlegg skal utførast i samsvar med Norsk Vann sin prosjektrapport nr 178/2010 "Grunnundersøkingar for infiltrasjon – mindre avløpsanlegg" eller reviderte/tilsvarande rapportar som eventuelt erstattar denne i framtida.

Minimum som skal dokumenterast ut frå grunn- og detaljundersøking er:

- Lausmassane sin infiltrasjonskapasitet.
- Lausmassane sin hydrauliske kapasitet.
- Lausmassane sine eigenskapar som rensemedium.
- Kor og korleis anlegget skal byggjast.
- Drikkevasskjelder i nærleiken.

Ved planlegging av anlegg med utslepp til overflateresipient skal resipientens tilstand og aktuelle brukarinteresser vurderast. Det skal innhentast opplysningar om tilstanden for drikkevasskjelder som kan tenkast å bli berørt av utsleppet.

Prosjektering av avløpsanlegg skal gjennomførast i samsvar med anvisningar i gjeldande VA/Miljøblad.

§ 11 Utsleppsstad

Utsleppsstaden for avløpsvatn frå renseanlegg skal lokaliserast slik, i prioritert rekkjefølgje:

1. Utslepp til grunnen skal berre skje til stadeigne lausmassar.
2. Utslepp til bekk/elv skal berre skje til bekk/elv med heilårsvassføring.

Utsleppsstaden for avløpsvatn frå renseanlegg skal elles lokaliserast og utformast slik at verknadene av utsleppet blir minst mogleg, og at konflikhtar mellom ulike brukarinteresser vert unngått, herunder slik at utsleppet ikkje medfører fare for forureining av drikkevatt.

§ 12 Lukt

Avløpsanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drives og haldast ved like på ein slik måte at omgjevnaden ikkje blir utsett for sjenerande lukt.

§ 13 Krav til anleggsdokumentasjon i samband med søknad om utsleppsløyve

Prosjektering og dokumentasjon skal utførast av nøytrale fagkyndige. Vedkommande skal vere habil i saka i høve til reglane i forvaltningslova. Vedkommande skal ikkje vere delaktig i utføringsfasa eller ha økonomiske interesser i tiltaket, herunder ikkje vere forhandlar av nokon komponentar i tiltaket. Dokumentasjon på at anlegget blir prosjektert og utført i samsvar med gjeldande VA/Miljøblad skal leggjast ved søknaden.

Følgjande skal minimum vere dokumentert i søknaden:

- Dimensjonerande vassmengde og skildring av bebyggelsen (hytte, bustad, bedrift mm).
- Resultat frå grunnundersøking og informasjon om berekna hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, lausmassane sine eigenskapar som rensedium og vurdering av risiko for forureining (kornfordelingskurver og infiltrasjonstestar). Det skal beskrivast korleis storleiken til anlegget og plasseringa av dette er tilpassa dei aktuelle vassmengdene og grunnforholda på staden.
- Beskriving av hovudkomponentane i anlegget og lokalisering av desse på kart. Filterdelen av anlegget skal vere målsett på kart i målestokk 1:2000 eller større.
- Beskriving av korleis anlegget skal støtbelastast.

For våtmarksfilter og minirensanlegg skal kopi av underskrive drifts- og vedlikehaldsavtale leggst ved søknaden om utsleppsløyve.

For biofilter for gråvatn skal forslag til drifts- og vedlikehaldsavtale leggst ved søknaden. Kopi av endeleg underskrive avtale skal ettersendast seinast 3 mnd etter ferdigstilling av anlegget.

Prøver skal analyserast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane.

Jordprøver for kornfordelingsanalysar skal analyserast av anerkjent laboratorium som nyttar godkjend metode for slike analysar.

Dersom anlegget skal leggst på areal som blir eigd av ein annan grunneigar, skal det leggst ved tinglese avtale om slik plassering saman med søknaden om utsleppsløyve. Dette gjeld både for leidningsanlegg og rensanlegg.

§ 14 Dokumentasjon av renseseffekt

Alle avløpsanlegg skal overhalde krava til renseseffekt, jf § 7. For følgjande anleggstypar skal det dokumenterast at anlegget overheld dei fastsette renskrava:

1. Våtmarksfilter (minimum 1 stikkprøve kvart 3. år)
2. Biofilter for gråvatn (minimum 1 stikkprøve kvart 3. år)
3. Minirensanlegg (minimum 1 stikkprøve kvart 3. år)

Inn- og utløpsprøver skal analyserast for Tot-P og BOF₅ av akkreditert laboratorium. Kommunen kan også pålegge eigarar av andre anleggstypar å dokumentere utsleppsmengder og renseseffekt.

§ 15 Krav til drift og vedlikehald

Eigar av anlegget er ansvarleg for at anlegget blir drifta og vedlikehalde slik at alle krav vert følgd og at det fungerer etter hensikta. Alle anlegg skal inngå i kommunen si tømmeordning for septiktankar/slamavskiljarar.

Slamavskiljarar for bustadhus skal tømmeast for slam minimum kvart 2. år. For fritidsbustader skal tømning utførast minimum kvart 4. år. For fritidsbustader med tett tank skal tømning utførast kvart år.

Service skal utførast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale med følgjande tidsintervallar for nemnde anleggstypar:

1. Våtmarksfilter: Minimum 1 gong pr år.
2. Biofilter for gråvatn: 2 gonger pr år for anlegg knytt til bustad.
1 gong pr år for anlegg knytt til fritidsbustad.

3. Minirenseanlegg: 2 gonger pr år. Det skal i tillegg førast driftsjournal for anlegget.
4. Infiltrasjonsanlegg: Minimum 1 gong pr år på pumpekum eller mekaniske vipper.

Drifts- og vedlikehaldsavtale skal omfatte naudsynte punkter spesifisert i VA/Miljøblad for den aktuelle anleggstypa. Det skal takast årlege utsleppsprøver, desse skal tilfredsstillende forventa utsleppskonsentrasjon etter VA/Miljøblad med omsyn til Tot-P og BOF₅, samt TKB dersom utsleppsløvet krev det. Service skal utførast av representantar for anleggsleverandør/producent eller anna kvalifisert føretak. Kommunen kan krevje å få lagt fram dokumentasjon på at person/føretak som utfører service har naudsynt teknisk kompetanse.

Den som utfører service skal innan 1. mars påfølgjande år sende inn årsrapport for føregåande år til kommunen. Årsrapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Kort skildring av anlegget.
- Omtale av driftsforholda førre år, med spesiell vekt på eventuelle driftsproblem.
- Resultat frå vassanalyser med berekning av renseeffekt.

Prøver skal analyserast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Prøvetaking og analyser skal dekkast av anleggseigaren.

§ 16 Anleggseigars plikter

Anleggseigar skal sørge for at slamavskiljar, tette tankar, pumpekummar og inspeksjonskummar er lett tilgjengeleg for tømning. Det må ikkje vere meir enn 30 m til veg og ikkje større høgdeskilnad frå botn av slamavskiljar til nivå på tankbil enn 6 m. For eigedomar med avløpsanlegg er det krav om heilårsveg, med unntak for eigedomar med biofilter eller infiltrasjonsanlegg.

Av sikkerheitsmessige grunnar skal slamavskiljar, pumpekum og liknande ha lokk som ikkje kan opnast av mindreårige. Kumlokk skal vere utildekka og lett tilgjengeleg for opning og kontroll. Det må ikkje setjast opp gjerder, murer og liknande som gjer det vanskeleg å kome til med utstyr for tømning.

§ 17 Oppmalt matavfall (avfallskvern)

Det er ikkje tillate å montere avfallskvern til røropplegg som er knytta til private avløpsanlegg.

§ 18 Endring og omgjering av løyve

Kommunen kan i medhald av forureiningslova § 18 oppheve eller endre vilkår i tidligere gitt løyve. Kommunen kan også trekkje attende løyve dersom det er naudsynt.

§ 19 Eksisterande utslepp

Utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn gitt i medhald av Lov om vern mot forureining og tilhøyrande forskrifter før 01.01.2007, eller utslepp som vart etablert på eit tidspunkt det ikkje var krav om løyve, er gyldige inntil desse eventuelt vert oppheva som eit enkeltvedtak i medhald av forureiningslova § 18.

§ 20 Tilsyn

Nord-Fron kommune fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrifta blir overhalde.

§ 21 Unntak

I heilt spesielle høve kan kommunen etter grunngjeve søknad, vurdere å avvike frå reglane i lokal forskrift. Kapittel 12 i forureiningsforskrifta vert lagt til grunn ved behandling av søknad om unntak.

§ 22 Gebyr for saksbehandling og kontroll

Gebyrregulativ for saksbehandling og kontroll etter denne forskrifta vert fastsett av kommunestyret i medhald av Forskrift om begrensing av forureining, del IV, § 11-4.

§ 23 Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft 11.12.2018.